



Ove og Målvi Vågenes  
Vågenesveien 52  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1455 - 14/5262

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
16.05.2014

## Byggesak gbnr 30/4 Vågenes Nedre - Vågenes camping - molo - mogleg ulvoleg tiltak - avgjerd om ikkje å følgje opp saka

Radøy kommune viser til tilsynsrapport for Vågenes camping og dykkar brev av 07.08.13, samt seinare kommunikasjon knytt til molo i båthamna på Vågenes.

### Saka gjeld

Radøy kommune har i samband med tilsyn på Vågenes camping lagt til grunn at «*Kommunen kan ikkje sjå at det er gjeve løyve til utlegging av flytebyggjer og bygging av molo.*»

Eigar av gnr 30 bnr 4 har den 08.08.2013 sendt inn dokument i saka. Dokumenta er likelydande dokument som kommunen har i sitt arkiv, og som var lagt til grunn for vurderinga i tilsynsrapporten.

Følgjande dokument er vurdert i saka:

### Søknad av 24.04.92

Grunneigare i området ynskjer å byggje ein molo mellom Sandholmen og Krossholmen til vern av båthamna.

Moloen vert omlag 100 meter lang og 4 meter brei, sjå kartvedlegg.

Vi bed om samtykkje til å få byggje denne moloen i samsvar med søknaden datert 24. april 1992.

### Vedtak i bygningsrådet - sak 44/92

#### TEKNISK SJEF SIN UTTALE:

Det er ei kjend sak at hamnetilhøva i det omøkte område er svært dårlege og slik at det ved noko vind har vore nødvendig å flytta båtane eller å taka dei opp på land.

Det er mange oppsitjarar på Vågenes og Håland som har sine naust og båtplassar her, slik at ein molo som omsøkt har ein føremun for mange.

Eg vil rå bygningsrådet til å gjera vedtak om tilråding av søknaden.

#### VEDTAK:

Bygningsrådet viser til ovanfor utgreiing om saka og vil rå til at søkjarane får løyve til å byggja den omsøkte molo på Søre Vågenes.

Saka vert send Bergen Havnevesen.

#### Løyve frå Kystdirektoratet av 14.07.92

Det ligg vidare føre løyve frå Kystdirektoratet av 14.07.92.

#### Rettsleg grunnlag

Molone er oppført i 1992 og saka må vurderast etter det regelverket som var gjeldande i 1992.

#### Plan- og bygningslove 1985 § 84 (etter endring i 1986)

«1. For kaianlegg, moloer, dokker, bruer, transformatorer, tank- og beholderanlegg, underjordiske anlegg, haller og bedrifter i fjell, tribuner, idrettsanlegg, andre varige konstruksjoner og anlegg og masseuttak ut over husbehov som ikke går inn under § 93, må <sup>2</sup> melding sendes bygningsrådet før graving, fylling, oppføring eller riving settes i gang. Reglene i § 94 nr. 3 gjelder tilsvarende.

Det som er bestemt om bebyggelse og bygninger i §§ 68, 74 nr. 2, 79 og 80 nr. 2, gjelder tilsvarende for konstruksjoner og anlegg som nevnt. De må ikke føres opp nærmere nabogrense enn 4 m. Bygningsrådet kan fastsette en annen avstand.

2. Hører konstruksjon eller anlegg som nevnt i nr. 1 ikke under annen offentlig myndighet, gjelder § 97 om kontroll med byggearbeid tilsvarende. Bygningsrådet kan gi de pålegg som finnes nødvendige for å få arbeidet forsvarlig utført.»

#### Rundskriv H20/86

«De nye reglene om melding og tidsfrister m.v. er de samme for § 84-arbeid som for driftsbygninger, jfr. § 84 annet ledd som gir reglene i § 81 annet, tredje og fjerde ledd tilsvarende anvendelse. Det vises derfor til merknader foran vedr. driftsbygninger. (...)

I § 81 annet ledd fastslås at arbeidet ikke trenger byggetillatelse etter § 93 dersom det er sendt melding til bygningsrådet om arbeidet og om at dette vil bli utført i samsvar med regelverket. Dette innebærer at dersom arbeidet oppfyller alle krav som stilles i plan- og bygningslovgivningen kan meldingssystemet benyttes. Byggherren er ansvarlig for at arbeidet blir lovmessig utført. Bare i de tilfelle arbeidet krever dispensasjon fra bindende planer eller regelverket ellers, eller på annen måte krever vedtak om endring av planer m.v., må det søkes om byggetillatelse.

*Byggherren er ansvarlig for at arbeidet som utføres også er i samsvar med regelverket i annen lovgivning.»*

Pbl 1985 § 17-2 (tilføyet i 1989):

*«Bygning, konstruksjon, anlegg eller innhegning kan ikke oppføres nærmere sjøen enn 100 meter fra strandlinjen målt i horisontalplanet ved alminnelig høyvann og kan heller ikke endres vesentlig. Forbudet gjelder også deling, herunder salg eller bortleie av ubebygde del (parsell eller tomt) av eiendom.»*

## **Vurdering**

Søknaden kommunen har i sitt arkiv er søknad av 24.04.92, som er adressert til Bergen og Omland havnevesen. Dette er det same dokumentet som grunneigar/tiltakshavar har lagt fram 08.08.13. Søknaden tilfredsstillar ikkje krav til søknad etter plan og bygningslova frå 1985. Kommune kan mellom anna ikkje sjå at søknaden er nabovarsla slik plan- og bygningslova 1985 § 84 nr 1 krev.

Kommunen har ikkje dokument i sitt arkiv som viser at det er handsama eller gjeve løyve til unntak frå byggeforbod i strandsone for moloen, jf. plan- og bygningslova 1985 § 17-2. Når tiltaket er i strid med pbl. 1985 § 17-2 skulle saka ha vore handsama som full søknad etter pbl 1985 § 93, jf. rundskriv H20/86, mellom anna med krav til ansvarshavande etter pbl 1985 § 98, jf. byggesaksforskrifta av 1987 pkt 14.2.

Bygningsrådet har i sak 44/92 rådd til at søkjar får løyve til å bygge molo. Dette vedtaket er ei politisk tilråding, ikkje eit byggjeløyve. Mynde til å gje byggjeløyve var i 1992 delegert til teknisk sjef, jf. delegasjonsreglement vedteke i sak 2/88 av 15.03.88 § 4B.

Kommunen har ikkje dokument i sitt arkiv som viser at det faktisk er søkt om og gjeve byggjeløyve for moloen. Grunneigar/tiltakshavar har heller ikkje lagt fram kopi av eit eventuelt byggjeløyve. Radøy kommune kan ikkje sjå at det er lagt fram dokument i saka som endrar den vurderinga som er gjort i tilsynsrapporten når det gjeld moloen.

Kva som er årsaka til at saka har stogga etter handsaming i bygningsrådet er vanskeleg å vite i ettertid, men det kan sjå ut som om dokument som skulle vore grunnlag for byggesakshandsaming aldri har vorte sendt til kommunen. Søknaden kunne heller ikkje handsamast før den var nabovarsla. Om ein skulle leggje til grunn at bygningsrådet sitt vedtak var eit byggjeløyve vil manglande nabovarsling vere ein sakshandsamingsfeil.

Det er i ettertid heller ikkje mogleg å vite kva rettleiing søkjer har fått frå kommunen i saka, kva prosess som har vore i kommunen eller korleis kommunen sjølv vurderte saka i 1992. Kommunen har forståing for at tiltakshavar/grunneigar kan ha oppfatta bygningsrådet sitt vedtak som eit byggjeløyve for moloen.

Det har gått lang tid og kommunen har vore kjent med moloen heile denne tida. Kommunen er ikkje kjent med at naboer har klagt på moloen eller at tiltaket på annan måte har vore til sjenanse eller fare. Tiltaket tener ein større krets av personer. Tiltaket er godkjent av Kystdirektoratet og kommunen legg difor til grunn at tryggleik når det gjeld ferdsle til sjøs er teke i vare.

## **Avgjerd**

Kommunen har på bakgrunn av ei heilskapsvurdering basert på tiltaket sin alder, art, verknad for omgjevnadane, tryggleik og tidlegare sakshandsaming i kommunen kome til ikkje å følgje opp molo mellom Sandholmen og Krossholmen som mogleg ulovleg tilhøve. Saka vert med dette avslutta.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

**Klage**

Avgjerd om å ikkje følge opp eit tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak og kan difor ikkje klagast på.

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær  
leiar teknisk forvaltning

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Ove og Målvi Vågenes

Vågenesveien 52 5936

MANGER